

5-årig programevaluering for bachelorprogrammet i historie ved AHKR (UiB), perioden 2018 til 2022

Innhold

Krav til studietilbudet i UiBs system for kvalitetssikring av utdanningene.....	2
Opptakskrav og opptakstall	2
Gjennomføring, frafall og kandidatproduksjon	3
Vurdering av læringsmiljø	6
Krav til studietilbudet i Studietilsynsforskriften	8
System for kvalitetssikring	8
Studieplan	9
Nivå på læringsutbyttet	10
Læringsutbytte og infrastruktur.....	10
Undervisnings- og vurderingsformer	12
Faglig innhold	15
Arbeidsomfang.....	16
Kobling til forskning	17
Internasjonalisering	17
Praksis	18
Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften	18
Fagmiljøets størrelse.....	18
Fagmiljøets utdanningsfaglige kompetanse	19
Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse	20
Internasjonalt og nasjonalt samarbeid	20

Vedlegg 1: Søkjar- og studenttal

Vedlegg 2: Fullføring og fråfall

Vedlegg 3: Studiebarometeret

Vedlegg 4: Rapport frå eksterne fagfellar, BAHF-HIS

Ny studieplan for BAHF-HIS (vedeken hausten 2022, gjeldande frå våren 2023) vert ettersendt når han er teknisk implementert.

Krav til studietilbudet i UiBs system for kvalitetssikring av utdanningene

Opptakskrav og opptakstall

Studenttalet ved bachelorprogrammet i historie ved AHKR har hatt ei negativ utvikling i femårsperioden 2018 til 2022. Talet på studentar som har søkt på programmet som fyrsteprioritet har gått ned med om lag 1/3, frå 149 hausten 2018 til 100 studentar hausten 2022. Trenden er endå meir negativ om vi ser på talet på studentar som faktisk vert registrerte på programmet; dette har gått ned med 45 prosent, frå 160 hausten 2018 til 87 hausten 2022. Talet på studieplassar har gjennom heile perioden lege på 115. Medan talet på registrerte studentar var høgare, og til dels mykje høgare enn talet på studieplassar fram til og med 2020, har talet på registrerte studentar vore lågare både i 2021 og i 2022.¹

Ser ein desse tala isolert sett, synest dei uttrykkje ein svært uheldig trend. Det er likevel grunn til å understreke at vi må sjå utviklinga i rekrutteringa til BAHF-HIS i lys av den ålmenne interessa for å studere lågaregradsemne på historie. Det går føre seg ei forskyving mellom dei ulike kategoriane av studentar, slik at bachelorstudentane utgjer ein mindre del av den totale studentmengda på lågare grad. Det samla studenttalet er stort, og skapar ein pressa ressurssituasjon. Undervisningsaktiviteten og oppfølginga av studentane har difor ikkje det omfanget vi skulle ynskje.

Lektorprogrammet i historie vart oppretta i 2017, og nedgangen i talt på studentar som følgjer bachelorprogrammet må forståast i dette lyset. Både dei som tek historie som fag 1 og som fag 2 har ei rekkje fag i porteføljen sin som er felles for alle studentar på 100- og 200-nivå. I perioden var det jamt over om lag 60 lektorstudentar som vert tekne opp kvar haust (63 studentar i 2018 og 61 studentar i 2022),² og dette er vel å merke ei studentgruppe med høg gjennomføringsgrad. Interessa for å ta historieemne som frie studiepoeng eller som del av andre studieprogram, er dessutan framleis stor. I sum er altså talet på lågaregradsstudentar meir stabilt enn ein skulle tru.

Vi kan illustrere dette poenget ved å vise til HIS102, som er eit 15-poengs oversynsemne i moderne historie, og det største emnet på faget. Det har ein del variasjon i oppmeldingstala frå år til år, men det er ingen eintydig negativ trend (talet på oppmeldte endra seg frå 359 (i 2019) til 292 (i 2020), 301 (i 2021) og 322 (i 2022) – dette er altså tal som inkluderer alle studentkategoriar). Ser vi på utviklinga av den totale studiepoengproduksjonen for historieemna på 100- og 200-nivå, syner også denne stabilitet. Her er det (enno) ikkje tilgjengeleg statistikk for alle åra i evalueringsperioden, men det vart «produsert» 18 705 poeng i 2019, 19 120 poeng i 2020 og 20 250 poeng i 2021.³

Når dette er sagt, skal det likevel understrekast at det er urovekkjande med nedgangen i kandidatproduksjon på bachelor, ikkje minst sidan dette er ein viktig finansieringsindikator. Historie bør ha som ei klår målsetjing å fylle alle plassane på programmet med motiverte studentar.

Historiefaget har over lengre tid hatt ei markant kjønnsubalanse blant studentane, med ei overvekt av mannlege studentar. På bachelorstudiet var det i snitt 73 prosent mannlege og 27 prosent kvinnelege studentar i dei fem åra frå 2018 til 2022. Til samanlikning er det eit lite kvinneoverskot blant lektorstudentane i historie, kvinnene utgjorde 56 prosent av dei nye studentane (34 av 61) i 2022.⁴ Sidan

¹ Sjå vedlegg 1, Søker- og studenttall for BAHF-HIS.

² Tal henta frå FS.

³ Tal henta frå FS.

⁴ Sjå vedlegg 1, Søker- og studenttall for BAHF-HIS; tal for lektoropptaket er henta ut frå FS.

undervisninga på 100- og 200-nivå skjer integrert for fleire studentgrupper, bidreg lektorprogrammet til å gjere studiekvardagen noko mindre mannsdominert enn han elles ville ha vore. Det bør poengterast at fakultetet under eitt også har ein kjønnsbalanse, men då med motsett forteikn: Om lag seks av ti studentar på HF er kvinner.⁵ Ein kan med andre ord seie at kjønnsbalansen til fordel for menn på historie er med på å dempe kjønnsbalansen til fordel for kvinner på fakultetsnivå.

Det finst også andre former for skeivfordeling blant studentane på BAHF-HIS. Vi har ingen tal på etnisk og kulturell samansetnad, men mykje tyder på at innvandrarungdom er sterkt underrepresentert, samanlikna med norsk ungdom i dei aktuelle aldersgruppene reint ålment. Vi har ikkje grunnlag for å seie noko om andre sosiale bakgrunnsvariablar blant studentane på programmet.

Det har ikkje vore iverksett særskilde rekrutteringstiltak for BAHF-HIS i femårsperioden, men leiarskapen ved AHKR har signalisert at alle fag på instituttet må styrkje rekrutteringsarbeidet i 2023 og framover, grunna svakare prognosar for studenttilgangen. I fagstrategien for historie for perioden 2023 til 2027, heiter det: «*Historiestaben skal bidra aktivt til å styrke rekrutteringen til faget. I rekrutteringsstrategier bør det legges særlig vekt på at studiene våre skal appellere også til grupper som er underrepresenterte blant studentene, særlig med sikte på å øke andelen av kvinnelige studenter.*»⁶

Det Humanistiske fakultet har den lågaste inntakskvaliteten av alle fakultet på UiB (4,02 median snittkarakter for møtte studentar for åra 2018 til 2021, mot t.d. 4,44 på Det samfunnsvitskaplege fakultet i same periode). På BAHF-HIS er tala endå lågare, med eit snitt på 3,73.⁷ Dette inneber i praksis at ein god del av studentane på programmet har svakare faglege føresetnader enn vi skulle ynskje for å gjennomføre ein bachelorgrad i historie på normert tid. Det har frå instituttets side ikkje vore teke initiativ for å styrkje inntakskvaliteten på BAHF-HIS i føregåande femårsperiode. Medan fagmiljøet har vore oppteken av å stille høge/høgre opptakskrav på masternivå, har dette ikkje vore sett som realistisk på bachelornivå.

Gjennomføring, frafall og kandidatproduksjon⁸

Som nemnt ovanfor, er det ein jamn og markant nedgang i talet på registrerte studentar på BAHF-HIS, og tala syner også at talet på *fråfalne* bachelorstudentar i den same femårsperioden har vorte monaleg større. Skiljet er særleg stort mellom studentane som tok fatt på studiane hausten 2017 på den eine sida og seinare kull av bachelorstudentar på den andre sida. Av 2017-kullet var det noko i underkant av halvparten som stod registrerte som fråfalne etter åtte semester. For seinare kull er fråfallskurva brattare, og 2018-kullet og 2019-kullet står att med rundt rekna 2/3 fråfall etter åtte semester. Berre om lag 1/6 (16,3 prosent) av dei opptekne studentane fullfører graden på normert tid, og talet på fullførte bachelorgrader aukar berre med tre prosentpoeng om vi reknar med dei som er eitt eller to år på overtid. Talet på kvalifikasjonar, altså studentar som gjennomfører programmet, går opp og ned frå år til år: Innan femårsperioden var 2020 eit toppår, med 72 kvalifikasjonar, medan 2021 var eit botnår, med 50 kvalifikasjonar. Statistikken syner at talet på fullførte studiepoeng per aktive student er nokolunde jamt over tid, med noko i underkant av 40 studiepoeng per år per student i snitt (dvs. litt i underkant av 2/3 av normert krav til

⁵ Basert på fig. 1, Antall studenter ved UiB i 2021, fordelt på fakultet og kjønn, Likestillingsstatistikk for UiB 2021.

⁶ Fagstrategien for historiefaget ved AHKR, perioden 2023 til 2027 (vedteken 15.11.2022), sitert etter s. 3.

⁷ Tal henta ut frå [Tableau](#).

⁸ Heile dette avsnittet byggjer på statistikk som går fram av vedlegg 2, Fullføring og fråfall. Tala for 2022 er ikkje fullstendige, og vert difor ikkje omtala i teksten.

studentane). Botnåret var 2019, med 37,45 studiepoeng per aktive student, medan toppåret var 2020, med 41,85 studiepoeng per aktive student. Det er truleg at eksamensavviklinga (skuleeksamenar vart i hovudsak gjort om til heimeeksamenar som følgje av pandemien) er ein viktig del av forklaringa på den ekstra høge poengproduksjonen nett i 2020.

Når det gjeld den markante *auken i fråfall*, er det sannsynleg at mykje av forklaringa ligg i pandemi-nedstenginga i mars 2020, og dei restriksjonane som prega undervisninga og studenttilværet reint ålment dei neste tjue månadene. Men sett vekk frå dette, er det krevjande å peike på opplagte tolkingar og årsaksforklaringar, og dermed også å vurdere i kva grad fråfallet representerer eit problem som må finne ei løysing – og i kva grad det representerer noko vi må leve med, eller endåtil verdsetje.

Om vi legg til grunn at høg gjennomføringsgrad er *idealet* og burde vere det *normale*, er det nærliggjande å tenkje at tala vitnar om ein eller annan form for systemfeil; at det finst ein svikt ein eller annan stad i systemet. Vi kan ikkje avvise at dette iallfall delvis er tilfelle. Når det gjeld tilbodet frå instituttets side, er det viktig å erkjenne – som det vil verte påpeika andre stader i denne evalueringa – at det finst rom for forbetringar. Studentane er ei differensiert gruppe. Det er godt mogleg at det på den eine sida finst studentar som hoppar av programmet fordi dei ikkje er nøgde med innhaldet, oppfølginga eller det faglege nivået, og søker mot tilbod der dei meiner at dei får sterkare eller meir relevante faglege utfordringar. På det andre sida kan det vere studentar som hoppar av fordi dei faglege krava er for høge, eller at faget viser seg å vere noko anna enn dei trudde då dei søkte seg til programmet. Historie er eit fag studentane kjenner godt frå skuleverket, men det har andre former og eit anna innhald når dei møter det som universitetsfag. Vi har allereie konstatert, på grunnlag av den låge gjennomsnittlege inntakskvaliteten, at mange av studentane truleg har svake faglege føresetnader for å gjennomføre programmet. Det kan vere at vi tiltrekkjer oss ein del studentar som har urealistiske forventningar om kor lite dei må arbeide for å få ein grad. Emneevalueringar avslører iallfall *ein del* av bachelorstudentane fell i denne kategorien,⁹ og tal frå Studiebarometeret syner at respondentane i snitt brukar 23–24 timar dagleg til studiane (sjå vedlegg 3), noko som er berre knappe 60 prosent av kva UiB forventar av ein heiltidsstudent.

Som allereie indikert, er det det likevel ikkje opplagt at alt fråfall uttrykkjer at noko er «feil». Noko fråfall kan vere normalt, og til og med ynskeleg eller naudsynt. Fråfallet kan t.d. handle om studentar som, gjennom erfaringar dei vinn seg gjennom møtet med studiet og akademia, finn ut at det finst utdannings- eller karrierevegar som er betre for dei personleg, eller det kan handle om studentar som av andre private grunnar ynskjer å flytte vekk frå Bergen. Desse studentane kan gjerne ha fullført fleire emne på historie, og ta med seg det faglege utbyttet frå desse vidare i studieløpet – samstundes som dei produserer studiepoeng for oss. I desse tilfella er bachelorprogrammet i historie ikkje ein blindveg, men eit viktig steg på vegen i utdanningsløpet og livsløpet. Vi har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om kva studentar som «hoppar av» bachelorprogrammet vårt gjer i etterkant, men vi veit at ein god del av dei går over til andre studieløp på UiB – og vi veit dessutan at det er langt færre som skiftar frå BAHF-HIS til andre bachelorprogram på UiB, enn dei som går den andre vegen.¹⁰ Naturlegvis kan fråfallet òg delvis lesast som eit uttrykk for at vi maktar å halde oppe dei faglege minimumskrava på programmet, og ikkje slepp gjennom dei som ikkje

⁹ Slike haldningar var m.a. avdekte gjennom ei intervjuundersøking blant eit representativt utval av bachelorstudentar på oversynsemnet HIS102 våren 2019. Einskilde studentar gav her uttrykk for at det burde vere mogleg å gjennomføre emnet berre ved å følgje undervisninga, og utan å lese pensum – eventuelt ved å gjennomføre studiet gjennom langt mindre arbeidsinnsats enn det som vert forventa av fulltidsstudentar.

¹⁰ Vi har tilgang på talmateriale som syner skifte av studieprogram frå og til BAHF-HIS internt på UiB. I 2022 var det totalt 37 studentar som forlét BAHF-HIS til fordel for andre bachelorprogram på UiB – medan det var 70 studentar som skifta frå andre bachelorprogram til BAHF-HIS.

syner seg å vere kvalifiserte. BAHF-HIS *skal ikkje* vere eit program som «alle» kan gjennomføre, uavhengig av innsats og prestasjonar.

Sjølv om tala altså kan tolkast på ulike vis, er det viktig å poengtere at fagmiljøet tek dei på alvor, og ynskjer å styrkje gjennomføringsgraden og å redusere fråfallet. Det er ikkje aktuelt å gjere noko med kvalifikasjonskrava, men vi kan gjere ein del for å tydeleggjere oppbygging, innhald og krav knytt til BAHF-HIS som heilskap, slik at vi kan hjelpe studentane til å forstå kva dei gjev seg ut på – og vi kan gjere ein del med innhaldet i einskildemna for å styrkje kvaliteten. I femårsperioden er det ikkje iverksett større reformer som eksplisitt har teke sikte på å styrkje gjennomføring og kandidatproduksjon og å redusere fråfallet, men historiefaget har arbeidd målretta og på brei front med å vri ressursar frå vurdering til undervisning, og det har gjennomført fleire endringar i einskildemne som kan seiast å ha hatt auka gjennomstrøyming som delmål eller som sideordna motiv. På det store oversynsemnet HIS101 har vi skifta frå eit vurderingsformat basert på kombinasjonen av heime- og saleksamen til mappevurdering, noko som gjer at skriveprosessen kjem meir i sentrum for emnet. Vi har dessutan innført eit eige kurs i oppgåveskriving (inkludert referansebruk) på den andre store oversynsemnet, HIS102. Tiltaket har vore godt motteke blant studentane, og har vonleg bidrege til å betre prestasjonane ved eksamen (sjå også seinare omtale). Ålment har historiefaget gjort fleire tiltak for å styrkje informasjonsarbeidet, mellom anna ved å gje konkrete råd knytt til dei ulike fasane av einskildstudium (dette skjer m.a. i form av ei skriftleg rettleiing i korleis ein arbeider med bacheloroppgåva).

Ved overgangen til 2023 vert det gjennomført gjennomgripande endringar i bachelorprogrammet i historie. Dette skjer som eit produkt av UiB FRAM-prosessen, som primært tek sikte på å styrkje vilkåra for forskinga i fagmiljøet – men ved historie har prosessen i stor grad gjeve seg til uttrykk gjennom reform av undervisninga, med eit mål om å auke studiekvaliteten. Hovudtrekka i reforma er at vi innfører blokkundervisning, og samstundes stokkar om på rekkjefølgja på emna, slik at oppbygginga vert meir logisk og gjev tydelegare uttrykk for progresjon: For bachelorstudentane vert semester 1 eit innføringssemester, semester 2 handlar om oversyn, semester 3 om fordjuping, og semester 4 om spesialisering kombinert med teoretisk og metodisk skulering. Reforma inneber dessutan at studentane møter eldre historie før nyare historie (det motsette har vore tilfelle fram til no). I sum har vi god tru på at dette er ei oppbygging som er enklare å forstå, både for potensielle studentar og studentar som allereie er inne på programmet. Blokkformatet inneber at studentane kan konsentrere seg om eitt emne om gangen, og ha hyppigare undervisning innanfor kvart emne. Historie har også gjort endringar knytt til obligatoriske komponentar og vurderingsformat på fleire emne. Ambisjonen vår er at dette skal ha positive faglege og sosiale effektar, og dermed styrkje evna studentane har til å gjennomføre – her under å gjennomføre på normert tid (sjå også seinare omtale av FRAM-reforma, og sitat frå fagstrategien under punktet «Kvalitetssikring»).

Vurdering av læringsmiljø

Kunnskapane vi har om læringsmiljøet på MAHF-BAS – eller for å vere presis, av læringsmiljøet slik studentane oppfattar det – byggjer på Studiebarometeret (sjå resultat i vedlegg 3) og diverse målingar og evalueringar gjort av fagmiljøet sjølv. Talmaterialet som ligg til grunn for Studiebarometeret har ikkje den kvaliteten ein skulle ynskje, som følgje av uvisst representativitet: I femårsperioden er det årleg berre om lag 20 studentar på programmet som svarar på spørjeundersøkinga, og vi veit ikkje om respondentane har ei slagside i den eine eller andre retninga. Med dette viktige atterhaldet er det likevel grunn til å understreke at den låge scoren på nokre av indikatorane er uroande. Resultata for bachelorprogrammet vårt er jamt over monalege svakare enn for masterprogrammet vårt, som scorar høgare på alle indikatorar på Studiebarometeret (jf. omtale i fjorårets evaluering av MAHF-HIS).

Innan samlekategorien «Overordnet tilfredshet» kan tala rett nok karakteriserast som akseptable. På ein skala frå 1 til 5 scorar bachelorprogrammet 3,7 i 2021, som er det beste året i undersøkingsperioden (opp frå 3,2 i 2019 og 3,3 i 2020). Men ser vi på dei einskilte indikatorane, er tilbakemeldingane paradoksalt nok meir negative enn kva samlekategorien gjev uttrykk for. Det er særleg indikatoren «Faglig og sosialt læringsmiljø» som utmerkjer seg negativt, med ein score på høvesvis 2,1 (i 2020) og 2,0 (i 2021). Dette var rett nok pandemiåra, der framfor alt det sosiale læringsmiljøet var sterkt skadelidande, men resultata hadde ein nedettergåande tendens også før 2020. Når det gjeld kategorien «Tilbakemelding og veiledning», er resultata stabilt låge, på rundt 2,5 – noko som elles samsvarar med resultata i kategorien «Medvirkning» der vi berre har tal for 2018 og 2019. Dette gjev grunn til å tru at historie av mange vert oppfatta som eit fag der einskildstudenten forsvinn litt i mengda, og der det er for lite høve til tovegskommunikasjon knytt til det faglege arbeidet til einskildstudenten. Meir spesifikt er det grunn til å tru at mange studentar ynskjer meir tilbakemelding og rettleiing knytt til skriftlege arbeid (sjå seinare omtale, særleg knytt til vurderingar utført av eksterne fagfellar). For instituttet har det vore krevjande å skaffe seg meir eksakt kunnskap om kva som ligg til grunn for dei lite tilfredsstillande tala i Studiebarometeret. For å illustrere: I april 2019 inviterte instituttet alle studentar som hadde starta på BAHF hausten 2019 til allmøte for å diskutere resultata i barometeret. Ingen møtte opp, utanom medlemmane av fagutvalet.

Inntrykket frå Studiebarometeret vert til ein viss grad modifisert gjennom evalueringar som fagmiljøet sjølv har gjennomført knytt til einskildemne og program. Sidan våren 2019 har alle studentar ved AHKR fått høve til å gi tilbakemelding på alle emne og program kvart semester. Her får BA-programmet i historie vesentleg betre score enn i Studiebarometeret. Ein viktig skilnad her er at Studieprogrammet inviterer studentar i tredje semester til å svare, medan instituttets fellesevaluering har tilbakemelding uavhengig av semester.

Både i 2021 og i 2022 vart det gjennomført ei omfattande spørjeundersøking blant studentar på HIS102 (oversynsemnet i moderne historie, som er obligatorisk for alle bachelorstudentar), og med ein ganske god svarprosent. I 2022 var det 67 studentar som svarte, noko som motsvarar 31 prosent av alle som tok eksamen dette året. Bachelorstudentar utgjorde vel å merke berre ein del av denne studentgruppa. Tilbakemeldinga her var svært god når det gjaldt den faglege kvaliteten på førelesingane og av det faglege tilbodet meir ålment. Vurderingane var meir blanda når det gjaldt oppfølginga på dette emnet, som fram til no ikkje har hatt obligatoriske komponentar, og dermed ingen mekanismar for tilbakemelding på skriftlege arbeid: Der nokre studentar set stor pris på fridomen, var det mange andre som ynskje tettare oppfølging og tydelegare krav. Det synest nærliggjande å konkludere med at studentane er nøgde med den undervisninga dei får, medan misnøya særleg er knytt til undervisning dei *ikkje* får. Sjølv om svaret berre gjeld dette einskildemnet, er dette i tilfelle eit interessant mønsteret. Dette er nemleg ein distinksjon som

er vanskeleg eller uråd å lese ut frå dei lunkne eller negative vurderingane som gjev seg til kjenne gjennom Studiebarometeret.

Studentane var jamt over langt meir kritiske til eigeninnsatsen sin enn til undervisninga. Det mest urovekjande er at mellom ein firedel og ein tredel av studentane samtykka i at dei kjende seg einsame og overlátne til seg sjølve under studiane på HIS102.¹¹

Det faglege og sosiale læringsmiljøet på BAHF-HIS er til ein viss grad hemma ved at historiefaget ikkje har nokon definert fysisk «heimstad» eller naturlege møteplassar for tilsette og studentar utanom undervisningssituasjonane. Staben sit spreidd på fleire hus og etasjar i Øysteinsgate/Dokkeveien, medan lesesalane er på Sydneshaugen skole.

Historie har eit aktivt fagutval for studentane. Verksemda i utvalet vart, som studentlivet elles, sterkt svekka under koronanedstenging og -restriksjonar, men aktiviteten tok seg tydeleg opp hausten 2021, med filmkveldar, quiz-kveldar, faglege føredrag, møte med erfaringsoverføring frå tidlegare masterstudentar, osb.

Når det gjeld tiltak for å betre læringsmiljøet, viser vi i hovudsak til det som vart skrive avslutningsvis under førre avsnitt, om gjennomføring, fråfall og kandidatproduksjon. Tiltak for å betre læringsmiljøet er jamleg tema på fagmøta, og vridinga til meir skrivetrening er eit viktig tiltak for å få til ei tettare oppfølging (sjå nærare omtale under punktet «Undervisnings- og vurderingsformer»). Blant konkrete tiltak for å betre læringsmiljøet, kan vi nemne innføringa av såkalla fredagsseminar på HIS102. Dette vart oppretta våren 2020 som eit digitalt forum for fagleg diskusjon etter pandemiedstenginga, men føremålet var like mykje at det skulle fungere som ein sosial arena i eit tid då studentmiljøet gjekk på sosialt lågbluss. Tiltaket var såpass velfungerande at det har blitt vidareført – framleis på ein digital plattform – etter gjenopninga (også dette vert nærare omtala under punktet «Undervisnings- og vurderingsformer»).

¹¹ Undersøkingane vart gjennomført på slutten av semesteret. Skalaen i denne undersøkinga er den same som ved Studiebarometeret, altså 1-5. Dette er den gjennomsnittlege scoren for åra 2021 og 2022 m.o.t tilslutnad til eit utval påstandar:

- «Førelasingane har jamt over halde høg fagleg kvalitet.» (4,4)
- «Førelingar har jamt over evna å engasjere og å motivere studentane.» (3,8)
- «HIS102 har i sum vore velorganisert, logisk oppbygd og konsistent.» (4,1)
- «Eg sit att med gode kunnskapar og godt læringsutbyte av HIS102.» (4,0)
- «Dei faglege krava og forventningane til meg som student har vore klårt og tydeleg formidla.» (3,8)
- «Eg er godt nøgd med min eigen studieinnsats på HIS102.» (3,1)
- «Eg skulle ynskje at eg fekk tilbakemelding på eigne faglege prestasjonar undervegs i studiet.» (3,6)
- «Fridomen på HIS102 er alt for stor, eg skulle ynskje at instituttet stilte tydelegare arbeidskrav til studentane.» (3,0). Denne indikatoren skilde sterkt. I 2022 svara 27 prosent 1 eller 2, og ville altså ikkje ha tydelegare arbeidskrav, medan 42 prosent svare 4 eller 5, og ville ha tydelegare arbeidskrav.
- «Eg har kjent meg einsam og overlatt til meg sjølv under studiane på HIS102.» (2,6)

Krav til studietilbudet i Studietilsynsforskriften

System for kvalitetssikring

§ 4-1 Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet (3): Institusjonen skal ha ordninger for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstiller kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.

Kvalitetssikring

Historiefaget har arbeidd systematisk med sikring av studiekvaliteten på programmet i heile femårsperioden. Dette arbeidet har vore forankra i fagmøta, altså programstyret, som gjer prinsippvedtak og vedtak om større og mindre reformer. Normalt vert det avvikla fagmøte om lag éin gong for månaden. Diskusjonane og vedtaka har i all hovudsak kome til på bakgrunn av utgreiingar, kartlegging og framlegg, gjennomført på oppdrag frå programstyret anten av fagkoordinator, andre medlemmer av staben eller eksterne fagfellar. Den aller største reforma som vart førebudd i femårsperioden – og som altså vert gjennomført frå inngangen til 2023 – er overgangen til blokkundervisning, som har gjennomgripande konsekvensar, særleg på andre, tredje og fjerde semester på bachelorstudiet. I tillegg til at dei ytre rammene for emna vert endra (inkludert endra rekkjefølgje i programmet), vert det gjennomført endringar i obligatoriske komponentar og vurderingsform på mange av emna.

Historiemiljøet har dei seinaste åra skjerpa rutine for å gjennomføre evalueringar (eigenevalueringar, studentevalueringar) også på emnenivå, og vedtok i 2021 ein rulleringsplan som skal sikre at alle emne ver evaluerte minst kvart tredje år. Sidan 2019 har AHKR gjennomført fellesevalueringar som har gjeve alle studentar høve til å gje tilbakemelding på alle emne ved instituttet. På denne måten har instituttet ein reiskap for å fange opp spesielle utfordringar i einskildemne som er blitt evaluerte det inneverande året. Evalueringane og studiekvalitetsrammeverket er ein viktig ressurs for fagmiljøet, enkelt sagt fordi dei er heilt sentrale kjelder til kunnskap om den faktiske stoda på programma, og dermed også ei hjelp til å identifisere problem og årsakene til problema. Oppfølginga følger ikkje noko fast mønster. Den viktigaste funksjonen er at dei fungerer som eit kunnskaps- og drøftingsgrunnlag til dømes ved fagsamlingar (som til dømes instituttseminar), i UUI eller på fagmøtet (dvs. programstyret for BAHF-HIS og andre program), og dessutan at dei fungerer som ein praktisk reformreiskap: Både arbeidet for å kartlegge og justere ressursbruken til undervisning på historie og heile den FRAM-relaterte omlegginga til blokkundervisning har hatt kunna støtte seg til evalueringane.

I november 2022 vedtok fagmøtet ein ny fagstrategi for historie i perioden 2023 til 2027, og denne gjev på fortetta form uttrykk for ambisjonane for undervisninga, og korleis vi skal sikre kvaliteten på denne. Strategien understrekar m.a. idealet om tett samanheng mellom forskning og undervisning på alle nivå. På lågare grad vil vi, innan rammene av det som er praktisk og ressursmessig mogleg, hegne om ein modell som sikrar ein variabel meny av fordjupingsemne, tett knytt til dei forskingsmessige satsingane i staben. For bachelorstudentane handlar dette om at dei skal ha ein stor grad av valfridom – og møte undervisarar som òg driv forskning innanfor temaet dei underviser i – på tredje semester (fordjupingsemna) og fjerde semester (bacheloroppgåva). Vidare understrekar fagstrategien at det vil vere eit hovudmål for dei komande fire åra å få den FRAM-relaterte omlegginga til blokkundervisning og ny semesterorganisering til å fungere godt. «Den nye organiseringen av undervisningen er på papiet mer logisk med eldre historie før nyere historie, og med en klarere progresjon fra innføring, til oversikt, fordypning og spesialisering. Vi må dra nytte av den nye modellen til å synliggjøre sammenhenger på tvers av emner, og til å prøve ut nye undervisningsformer med mer rom for studentaktivitet. Vi må også hjelpe studentene til å se faglige og sosiale fordeler med den nye organisasjonsformen, og dermed bidra til å styrke gjennomføringsgraden.»¹²

¹² Fagstrategien for historiefaget ved AHKR, perioden 2023 til 2027 (vedteken 15.11.2022), sitert etter s. 8.

Sagt med andre ord: I dei neste par åra vil kvalitetssikringa i stor grad handle om å få det nye systemet til å fungere, og elles å gjere dei endringar som måtte tvinge seg på gjennom røynsle. Elles viser vi til det som står seinare i denne evalueringa knytt til innspel frå eksterne fagfellar.

Studentinvolvering

Det er krevjande å få dei «breie lag» av studentane til å involvere seg i arbeidet for å styrkje studiekvaliteten, anten det er ved å gje tilbakemelding gjennom evalueringar eller – som tidlegare poengtert – ved å delta på allmøte der studiekvaliteten vert diskutert. Heldigvis er det ein del studentar som engasjerer seg på arenaer for styrking av studiekvaliteten. Studentane har fast representasjon på fagmøtet, dvs. i programstyret, og referat frå dei siste fem åra syner at studentrepresentantane i hovudsak deltek på møta. Studentane har òg representantar i UUI, Utval for undervisning og internasjonalisering. Det går føre seg ein nokså hyppig utskifting blant studentrepresentantane, noko som gjer det vanskelegare for studentane å engasjere seg i einskildsaker over lengre tid. Men studentrepresentantane er ein ressurs, mellom anna gjennom innspel i saker der studentperspektivet er særleg interessant. I samband med omlegginga til blokkundervisning var det svært nyttig å ha studentane til stades for å formidle deira problemforståing og gje deira innspel til kva endringar som er tenlege. Fagmiljøet har elles kontakt med studentane gjennom rettleiing (på bacheloroppgåva) og anna undervisning, noko som òg kan vere eit kjærkome høve til å diskutere og å få tilbakemelding som kan vere relevant for kvalitetsarbeidet. Det er eit tett samarbeid mellom instituttet og fagutvalet når det gjeld arrangement og fagleg-sosiale tiltak.

Studieplan

§ 2-1 Forutsetninger for akkreditering (2): Informasjon om studietilbudet skal være korrekt, vise studiets innhold, oppbygging og progresjon samt muligheter for studentutveksling.

Studieplanen for BAHF-HIS vert gjort tilgjengeleg på nett, og er presentert i ei form som bør vere enkel å orientere seg i for studentane. Planen tydeleggjer kva som er obligatorisk og valfritt, og han synleggjer hovudtrekk i innhald i dei einskilde komponentane (med lekkjer vidare til dei einskilde emnebeskrivingane) og krav til progresjon.

Etter *gamal ordning* (som ligg til grunn for denne femårsevalueringa) tok bachelorstudentane innførings-emnet HIS100 i fyrste semester, saman med ex-fac.-emna. I andre semester tok dei parallelt eit oversynsemne (HIS102) og eit fordjupingsemne i nyare i historie (diverse emnekodar), i tredje semester tok dei parallelt eit oversynsemne (HIS101) og eit fordjupingsemne i eldre i historie (diverse emnekodar), og i fjerde semester tok dei parallelt teori- og metodeemnet HIS203 og HIS250, som er emnekoden for bacheloroppgåva. Femte og sjette semester var tilrettelagt for å ta frie studiepoeng eller delstudium i utlandet.

Etter ny ordning frå 2023 skjer det ingen endringar på fyrste semester, men dei tre resterande semestera ser annleis ut enn tidlegare: Oversynsemna HIS101 og HIS102 vert samla i andre semester, og dei går ikkje parallelt, men i blokk (dvs. at HIS101 vert slutført før ein startar på HIS102). I tredje semester tek studentane to fordjupingsemne i blokk, fyrst i eldre historie, og deretter i nyare historie. Fjerde semester har dei same emna som etter gamal ordning, men HIS203 vert undervist og slutført i fyrste undervisningsblokk. Tanken er at emnet i større grad skal kunne fungere som ein ressurs i arbeidet med bacheloroppgåva. Femte og sjette semester er framleis tilrettelagt for å ta frie studiepoeng eller delstudium i utlandet.

Med den nye ordninga følgjer alle bachelorstudentar dei same emna i fyrste og andre semester. Valfridomen slår inn på tredje semester, når studentane skal velje to fordjupingsemne. På fjerde semester har studentane stor fridom i val av tema for bacheloroppgåva.

Studentane har elles høve til å velje ein variant av bachelorprogrammet i historie, nemleg ei spesialisering i Midt-Austens historie. Etter den gamle ordninga hadde desse studentane eit spesialopplegg også i andre semester. Etter den nye ordninga skal desse studentane ta to emne i Midtaustens historie i tredje semester (oversynsemnet HIM101 og eitt fordjupingsemne), og dessutan skrive bacheloroppgåva innanfor dette temaområdet (med emnekoden HIM250).

Studieplanen for BAHF-HIS poengterer høvet til å ta delstudium i utlandet, og viser til utvekslingsavtalar som UiB har. Planen poengterer at utanlandsopphaldet bør planleggjast i god tid på førehand, og at studie-konsulenten kan vere til hjelp. Av planen går det òg fram at både femte og sjette semester er tilrettelagt for delstudium i utlandet.

Våren 2022 tok fagmøtet/programstyret initiativ til å få vurdert samanhengen mellom studieplanen for BAHF-HIS og dei einskilde emnebeskrivingane, med eit særleg auge for om mål til læringsutbytte vert innfridde. Oppdraget vart gjevne til dei to eksterne fagfellane, professor Erik Opsahl og professor Magne Njåstad ved NTNU. (Sjå utdjuping om dette under «Læringsutbytte og infrastruktur», jf. vedlegg 4).

Nivå på læringsutbyttet

§ 2-2 Krav til studietilbudet (1): Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, og studietilbudet skal ha et dekkende navn.

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

<https://www.nokut.no/norsk-utdanning/nkr/beskrivelser-av-laringsutbytte-for-nivaene-i-nkr/>

Læringsutbyttet slik det er definert i studieplanen for BAHF-HIS, både når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse, korresponderer i stor grad med krava slik dei er definerte for studiar på denne nivået i NKF. Orda og vendingane er i all hovudsak dei same som dei som er nytta NKF, med visse språklege tilpassingar ut frå den spesifikke, faglege konteksten (sjå nærare omtale under «Innhald og oppbygging» nedanfor).

Navn

Det har ikkje skjedd namneendring på studieprogrammet gjennom perioden. Namnet (Bachelor i historie; BAHF-HIS Historie, bachelor, 3 år) er dekkande, og neppe til å misforstå.

Læringsutbytte og infrastruktur

§ 2-2 Krav til studietilbudet (4): Studietilbudets innhold, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.

Innhald og oppbygging

Studieplanen for historie inneheld innleiingsvis ein komponent om Mål og innhald, som har formuleringar knytt til kva historie faget er, kva dette konkret studiet vektlegg og korleis det er tilskore (m.a. tidsmessig og i geografisk rom), og nokre hovudtrekk ved organiseringa av programmet. Dette ovordna målformuleringane vert tekne opp i oversynet over læringsutbytte, som har følgjande innhald:

Kunnskapsmåla for programmet er knytt til 1) eit krav om «god oversikt» over norsk og internasjonal historie frå antikken til i dag, og 2) at studenten gjennom fordjupingar skal ha særskild god inn sight nokre sentrale historiske tema, teoriar og forskningstradisjonar både i eldre og nyare historie (eit skilje som vert sett ved 1750), 3) at studenten skal ha god kunnskap om sentrale kjelde- og metodespørsmål.

Ferdighetskrava handlar om at studenten skal kunne 1) drøfte historiske problemstillingar og kritisk vurdere historiske framstillingar, og 2) analysere historiske data, kjelder og litteratur, og trekkje sjølvstendige konklusjonar basert på dette materialet.

Læringsmåla knytt til *generell kompetanse* er ei liste på fire punkt som handlar om at kandidaten skal ha 1) erfaring med å handsame store informasjonsmengder og å formidle historisk kunnskap både munnleg og skriftleg; 2) kompetanse til å setje set inn i nye problemfelt og å analysere saker frå fleire sider, 3) kompetanse i akademisk argumentasjonsteknikk og å dokumentere skriftleg arbeid på ein vitenskapleg måte, og 4) kunne nytte kombinasjonen av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar.

Våren 2021 gav fagmøtet i historie dei eksterne fagfellane Erik Opsahl og Magne Njåstad i oppdrag å vurdere samanhengen mellom studieplanen på BAHF-HIS og dei einskilde emnebeskrivingane for programmet. På dette tidspunktet var det opplagt at det ville skje endringar både i studieplanen og i einskildemne i samband med overgangen til blokkundervisning, men dei faktiske endringane vart ikkje formelt avklåra før relativt seint på året. Fagfellane har arbeidd med studieplanen og emnebeskrivingar slik dei har sett ut fram til og med 2022, altså i perioden som vert dekt i denne programevalueringa.

Denne delen av oppdraget til fagfellane utgjer punkt 1 i den vedlagde evalueringsrapporten, dagsett 18. november 2022 (vedlegg 4), og er understøtta av ein matrise som synleggjer samanhengen mellom målformuleringar på studieplannivå og i dei einskilde emna (er redigert inn direkte i forlenginga av vedlegg 4). Fagfellane har i denne samanhengen avgrensa seg til dei obligatoriske emna på programmet. Her er eit punktvis samandrag av viktige observasjonar og vurderingar:

- a) Det overordna målet i programmet inneheld ei formulering om at studiet særleg rettar merksemda mot betydninga av kjønn, klasse, nasjonalitet og etnisitet. Denne målformuleringa speglar seg ikkje i målbeskrivinga på nokre av dei obligatoriske emna.
- b) Det overordna målet om at historiefaget femnar om studiar «på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå frå antikken til i dag» er dekt i målbeskrivinga for HIS101 og HIS102, men elles ikkje.
- c) For klårleiken sin del bør beskrivingane i HIS101 og HIS102 vere så like som råd.
- d) Målformuleringar knytt til innsikt i metodiske tilnærmingar og korleis metodar påverkar tolkingar er godt dekt i overordna mål for alle obligatoriske emne.
- e) Kunnskapslæringsmål knytt til innsikt i nokre sentrale historiske tema, teoriar og forskningstradisjonar viser uklårt att som læringsmål på HIS101 og HIS102.
- f) Ferdighetslæringsmål knytt til analysar av data/kjelder og litteratur, og å trekkje sjølvstendige konklusjonar basert på materialet, viser uklårt att som læringsmål på HIS101 og HIS102.
- g) Det generelle kompetansemålet knytt til argumentasjonsteknikk og dokumentasjon av skriftlege arbeid på ein vitenskapleg måte er berre heilskapleg til stades i emnebeskriving for HIS250.
- h) Av Ex.fac.-emna er det vanskeleg å vurdere relevansen av «Språk og kommunikasjon», sidan det ikkje har oppgjevne mål. «Akademisk skriving», som er tilrådd saman med HIS100, har stor grad av samannfall med programmets mål.

- i) Samanfattande peikar fagfellane på at samsvar mellom mål på eit overordna nivå og på emnenivå ikkje er fullstendig klårt formulert. Dette inneber ikkje at samsvaret ikkje er der; går ein inn i læringsmåla på einskildemne er det openbert at overordna mål for programmet vert svara ut. Ein gjennomgang av pensum og førelesingsplanar vil kunne stadfeste dette ytterlegare.

Fagmøtet har enno ikkje teke stilling til rapporten frå dei eksterne fagfellane, men fagkoordinator ser innspela som fornuftige, og meiner at dei bør liggje til grunn for revisjon av emnebeskrivingar i løpet av næraste framtid. Dette er fyrst og fremst eit arbeid av redaksjonell karakter, for å tydeleggjere eit innhald som allereie finst der. Samstundes må fagmøtet ta stilling til om det er naudsynt at alle overordna mål og læringsmål speglar seg i kvart einskild obligatorisk emne. Når det t.d. gjeld det som ovanfor står lista opp som punkt b i vurderingane frå fagfellane, kan det vere naturleg at dette målet om å dekkje «heile tidsaksen» og alle nivå frå det lokale til det internasjonale, syner tydelegast nettopp på oversynsemna HIS101 og HIS102. Emna på BAHF-HIS skal vere komplementære, og det er naturleg å tenkje seg at dei i ulik grad svarar til dei overordna måla og krava til læringsutbyte slik dei er utforma i studieplanen. Det er elles grunn til å understreke at dei ikkje-obligatoriske emna utgjer ein viktig del av BAHF-HIM. Her har studentane i røynda valet mellom om lag ti ulike emnekodar (alle vert rett nok ikkje tilbodne kvart år), og bak nokre av emnekodane gøymer det seg fleire alternative tematiske spesialiseringar. Den tematiske, metodiske og teoretiske spennvidda er stor, men alle tilboda bidreg til å realisere måla bak studieplanen – om enn med svært ulik vektlegging av dei einskilde komponentane i målformuleringane.

Infrastruktur

Timeplanlegging og å skaffe tilgang på eigna undervisningslokale kan ålment vere krevjande på HF, og utvikling av undervisning på BAHF-HIS er ikkje noko unntak. Undervisningslokala vi får tildelt er ikkje alltid eigna for føremålet, til dømes ved at auditorium med fastmonterte stolar kan gjere det krevjande å få til dei kommunikasjonsformer ein ynskjer mellom undervisar og student, organisere gruppearbeid, osb. Lesesalplassar og annan fysisk infrastruktur er i hovudsak tilfredsstillande, men som nemnt, sit historikarmiljøet (stab og studentar) spreidd, utan gode møteplassar utanfor undervisning.

Den digitale infrastrukturen fungerer i all hovudsak godt for føremålet vårt. For mange i staben har «tvangsdigitaliseringa» som følgje av koronanedstenginga gjeve langt betre kompetanse til å handtere – og å sjå det føremålstenlege ved – digitale undervisningsverktøy. Det mest problematiske har vore hybride løysingar, som er teknisk og pedagogisk krevjande å gjennomføre. Rettleiing av bachelorstudentar fungerer ofte like godt på digitale plattformer som gjennom fysiske møte.

Studentar får i all hovudsak tilgang til dei bibliotektenester dei treng, men det kan stundom vere komplisert for dei å få tilgang på ressursar som det er knytt opphavsmessige restriksjonar til, til dømes på Nasjonalbiblioteket. Dette gjeld i hovudsak studentar som skriv på bacheloroppgåva.

Undervisnings- og vurderingsformer

§ 2-2 Krav til studietilbudet (5): Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

Bachelorprogrammet er sett saman av 18 ulike emnekodar, der av dei fleste er ikkje-obligatoriske. Dei eksterne fagfellane fekk òg i oppdrag å vurdere i kva grad undervisningsformene ved programmet er utforma for å gje studentane læringsutbyttet dei skal ha, og i kva grad vurderingsformene er eigna til å måle læringsutbyttet. Som allereie poengtert, vart fagfellevurderinga gjort med utgangspunkt i studieprogrammet og

emnebeskrivingane slik dei såg ut i 2022, og det vart difor ikkje teke høgde for endringar som vart vedtekne i løpet av 2022, og enno ikkje implementerte då rapporten vart skriven. Dette inneber m.a. at rapporten vurderinga tek utgangspunkt i emnerekkefølga som var gjeldande i 2022. Denne delen av oppdraget til fagfellane utgjer punkt 2 i den vedlagde evalueringsrapporten, dagsett 18. november 2022 (vedlegg 4). Her er eit punktvis samandrag av viktige observasjonar og vurderingar:

Om undervisningsformer:

- a) Førelesingar er grunnstammen i alle emne.
- b) Variasjonen mellom emna ligg i kva obligatoriske aktivitetar som finst; frå ingen obligatoriske aktivitetar via obligatoriske skriftlege arbeid (med eller utan rettleiing) til relativt stor valfridom.
- c) Fyrste semester får studentane berre eitt potensielt emne med krav om skriftlege fagspesifikke arbeid («Akademisk skiving»); slike aktivitetar finst ikkje på HIS100.
- d) På våren har HIS102 ingen obligatorisk aktivitetar. Valfrie emne same vår har alle obligatoriske aktivitetar, stort sett skriftlege oppgåver, men det er uklårt om det er tilbakemelding eller rettleiing knytt til oppgåver.
- e) Tilbakemelding og helst rettleiing er naudsynt for trening og progresjon. Ein bør tenkje gjennom om det bør vere ei meir systematisk eller obligatorisk skrivetrening på HIS102 for å førebu studentane på 7-dagarseksamen.
- f) Spesialisering i Midt-Austens historie har berre obligatoriske aktivitetar på eitt emne, og kan i prinsippet gjennomførast utan andre obligatoriske skriftlege arbeid enn mappeoppgåvene på HIS101 og sjølv bacheloroppgåva.
- g) Som oppsummering på dette punktet vert verdien av obligatorisk fagspesifikk trening understreka, m.a. fordi den er viktig for bacheloroppgåva og som eit overordna læringsmål. Læringskurva kan vere særleg bratt i andre [semester]. Større grad av obligatorisk skriftleg øving på HIS102 er ei mogleg løysing.

Om vurderingsformer:

- h) Det er god variasjon i vurderingsformene på dei obligatoriske emna.
- i) HIS101 har mappeevaluering, som gjev høve til skrivetrening og i å observere og vektlegge fagleg modning.
- j) HIS102 har kombinasjonen av 7-dagars heimeeksamen og 2-timars skuleeksamen som i prinsippet kombinerer djupne- og breiddelæring.
- k) Røynsle tilseier at løysinga ikkje er heldig, fordi stryk på 2-timars skuleeksamen gjev stryk på heile emnet. Det tilfeldige ved kortsvarseksamen vert for utslagsgjevande. I staden bør stryk på denne eksamenen gje éin karakter trekk på heilskapen på emnet, med utgangspunkt i heimeeksamen.
- l) Munnleg justering av skriftleg karakter på [HIS250], bacheloroppgåva gjev ytterlegare variasjon i vurderingsformer på obligatoriske emne – og inntrykket av variasjon vert stadfesta i valfrie emne (dette er spesifisert)
- m) Samla sett vert ein student som gjennomfører programmet vurdert på ei rekkje ulike måtar, noko som er positivt læringsmessig, og sikrar at studenten i studieløpet kan få vist potensialet sitt.
- n) Unntaket er studiespesialiseringa i Midt-Austens historie, der alle emne har 6-timars skuleeksamen. Tilrådinga er at ein varierer vurderingsformene noko.

Fagfellane vart òg bedne om å peike på andre forhold ved BA-HIS der dei ser forbettringspotensial, og som historiefaget ved AHKR bør prioritere å reformere. Hovudbodskapen kan summerast slik:

- o) Fagfellane understrekar igjen verdien av tidleg skrivetrening med eit minimum av rettleiing og tilbakemelding for at studentane skal nå læringsmåla.
- p) Røynsle frå NTNU gjev tru på kontinuerleg skrivetrening frå fyrste semester; fyrste førelesingar i emnet er vigd til innføring i akademisk skrivning, og ein har gruppesamlingar der studentane leverer to skriftlege arbeid som både får individuell tilbakemelding, og der den andre får obligatorisk individuell rettleiing på fyrsteutkast. Ein arbeider også med kjeldeanalyse, tett knytt til tema som vert handsama i plenumsførelesingar.
- q) Erfaringar frå opplegget på NTNU er gode, men det er ressurskrevjande. Om opplegget ikkje nødvendigvis er overførbart, bør UiB styrkje elementet av skrivetrening med rettleiing og tilbakemelding gjennom heile studiet.

Observasjonane og innspela frå dei eksterne fagfellane er gode og velfunderte. Det skal her fyrst igjen poengterast at det har skjedd visse endringar i bachelorprogrammet og i einskildemna, og at det allereie er sett i verk tiltak som reelt sett svarar på nokre av utfordringane fagfellane peikar på.

Oversynsemna HIS101 og HIS102 er nemnde i fleire av punkta, og særleg vert det peikt på at HIS102 ikkje har obligatoriske komponentar/skrivetrening, og at vurderingsformatet er uheldig. Både i 2021 og i 2022 innførte vi eit kurs i skrivetrening på HIS102. Ei veke av undervisninga (totalt fem timar) handla om korleis ein går fram ved å skrive akademiske tekstar; disposisjon, utarbeiding av problemstillingar, referanseteknikkar/dokumentasjon, osb. Kurset har vorte svært godt motteke av studentane, syner evalueringane. Frå 2023 endrar vi rekkjefølgja på emna, slik at HIS101 (med mappevurdering) kjem i blokk ein, og HIS102 i blokk to. Vi vidarefører kurset i oppgåveskriving, men no som ein komponent i HIS101, slik at bachelorstudentane har nytte av dette på både oversynsemna.

HIS102 har endra vurderingsformatet sitt med verknad frå 2023. 7-dagars heimeeksamen vert bytt ut med ei semesteroppgåve med same omfang (3000 ord). Tema for semesteroppgåva vert gjort kjent relativt tidleg i undervisningsblokka, slik at studentane skal kunne ha høve til å arbeide med oppgåva gjennom større delar av emnet. Oppgåva vil bli utforma slik at store delar av undervisninga og pensum kan trekkjast inn på eitt eller anna vis. Semesteroppgåva vert åleine vurderingsgrunnlaget. Vi fjernar med andre ord 2-timars skuleeksamen (der studentane måtte svare på seks spørsmål frå pensum), dels fordi vi reknar eksamenen som problematisk av dei same grunnar som fagfellane peikar på (punkt k) – men òg fordi eksamensformatet kan skape inntrykk av historiefaget handlar om å pugge og reprodusere fakta. Vi går på HIS102 over til ein alternativ måte til å teste kunnskapar og ferdigheiter. Vi innfører vi to obligatoriske prøver (elektroniske spørjeskjema) som må gjennomførast med tilfredsstillande resultat før studentane får levere semesteroppgåva. Desse prøvene vil vere utforma på ein måte som krev at studentane har oversikt over/klarar å finne fram i pensum og å tileigne seg innhaldet der for å kunne gje dei rette svara.

Fagfellane nemner spesialiseringa i Midtaustens historie i punkt f og punkt n. Emnet har gått gjennom ei visse endringar i samband med overgangen til blokkundervisning. Der emnet tidlegare var sett saman av eitt eige oversynsemne og to fordjupingsemne i tillegg til bacheloroppgåva (HIM250), er modellen no forenkla til eitt oversynsemne og eitt fordjupingsemne i tillegg til HIM250. Forenklinga er gjort for at også desse studentane skal få plass i studieløpet til å ta HIS203, altså teori-, metode- og kjeldeemnet. Det er òg gjort endringar i einskildemna, slik at vurderingsformatet vert meir variert. På oversynsemnet HIM 101 endrar vi frå eit 6-timars skuleeksamen til ein 7-dagars heimeeksamen (same omfang, 3000 ord). I tillegg må studentane svare på tre sett av fleirvalsoppgåver med spørsmål frå pensum. På fordjupingsemnet vert det framleis skuleeksamen, men studentane må òg skrive ei obligatorisk øvingsoppgåve på 1500 ord.

Fagfellane konstaterer at førelesingar er grunnstammen i alle emne (punkt a). Dette er for så vidt rett, basert på dei gamle emnebeskrivingane – og førelesingane kjem også i framtida til å vere ein viktig læringsarena, særleg på dei store oversynsemna. Men i samband med overgangen til blokkundervisning har vi formulert oss annleis, særleg på fordjupingsemna. Der vi tidlegare gjerne spesifiserte at det vart (cirka) to førelesingar, heiter det no (med emnebeskrivinga til HIS114, eit fordjupingsemne i eldre historie, som døme): «Undervisninga vert normalt gjeven i form av førelesingar, men andre undervisningsformat kan verte aktuelle (om lag 25 undervisningstimar totalt)». Føremålet er å opne for større variasjon i undervisninga, særleg der gruppene er overkomelege i storleik og der den fysiske infrastrukturen legg til rette for det. Fleire gonger vil det vere meir tenleg å organisere undervisninga som seminar – og innanfor blokkformatet kan det vere enklare å la undervisninga ta form av eit fåtal samlingar i staden for å spreie henne tynt utover. Ved visse emne/tema tek vi no i 2023 i bruk førhandsinnspelte førelesingar eller faglege presentasjonar som studentane følgjer kvar for seg, og som så ligg til grunn for felles diskusjon ved seminar. Føremålet er å aktivisere studentane i større grad i læringssituasjonane.

Som nemnt under punktet om læringsmiljø, har vi innført eit digitalt fredagsseminar på HIS102. Historie har fleire gonger freista å etablere eit seminartilbod på oversynsemna, men det har vore vanskeleg å få til å fungere. Det har dels vore på grunn av store studenttal og dermed også store kostnader, men også fordi interessa for å delta ofte har vore forbigåande for mange. Ved å gjennomføre seminar digitalt, er tiltaket ikkje sårbart for manglande oppmøte. Sidan vi diskusjon i plenum og deretter eit par omgangar med diskusjon i tilfeldig samansette grupper, fungerer formatet anten det er 100 eller 30 som møter fram. Tiltaket vert vidareført i digital form nettopp fordi det har synt seg å vere ein velfungerande arena for fagleg diskusjon mellom studentar som prioriterer å vere aktive.

Dei vektigaste kommentarane frå dei eksterne fagfellane går på skrivetreninga, eller for å vere presis: at programmet i for liten grad legg opp til skriving kombinert med rettleiing og tilbakemelding. Vi er langt på veg samde i forståinga av utfordringa, sjølv om vi vil understreke at det vert gjeve meir individuell oppfølging av studentane i samband med obligatoriske, skriftlege arbeid på fordjupingsemne som HIS113 og HIS115. Fagmiljøet har arbeidd for å betre stoda, fyrst og fremst ved å sjå korleis ressursar (dvs. tidsbruken) kan vridast frå vurdering til undervisning og tettare oppfølging av studentane. For oss er dette fyrst og fremst eit spørsmål nettopp om ressursar, og å finne den rette balansegangen mellom ulike aktivitetar. Det store talet på studentar gjer ressursbruken på sensur stor, nesten 40 prosent av undervisningsressursane går no med til vurdering. På dei store emna våre (til dømes på HIS102, der det kan vere nærare 300 kandidatar, og 230- til 250 som gjennomfører eksamen), kan sjølv små endringar få store konsekvensar: Ei ein-skild obligatorisk oppgåve på 1500 ord med ei kort individuell tilbakemelding inneber 60 timesverk per 100 studentar, og tidsbruken aukar naturlegvis monaleg om alle i tillegg skal ha rettleiing.

Faglig innhold

§ 2-2 Krav til studietilbudet (2): *Studietilbudet skal være faglig oppdatert og ha tydelig relevans for videre studier og/eller arbeidsliv.*

Dersom mastergradsstudier:

Krav til akkreditering i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-2. Akkreditering av mastergradsstudier

(1) Mastergradsstudiet skal være definert og avgrenset og ha tilstrekkelig faglig bredde.

Faglig oppdatert studietilbud

Staben på historie er tilfredsstillende dimensjonert, fagleg differensiert, og med gode faglege kvalifikasjonar på sine respektive felt (sjå nærare omtale under «Fagmiljøets størrelse»). Fagmiljøet bør ha dei beste føresetnader for å sikre at BAHF-HIS er relevant for kunnskapsutvikling innan fagområdet, og at kandidatane våre har ei utdanning som er tenleg ute i arbeids- og samfunnslivet. Sidan undervisninga vår i hovudsak er forskingsbasert, er det eit mål for all undervisning at den skal vere fagleg oppdatert på sine respektive felt. Dette avspeglar seg gjennom endringar i undervisningsopplegg og pensumlitteratur på dei einskilde emna. Historiefaget er ikkje berre orientert mot fortida, det er òg samtidsorientert, t.d. ved å sjå nettopp korleis historia vert forstått, formidla og brukt av samfunnet kring oss. Dagsaktuelle spørsmål vil ofte vere eit referansepunkt i undervisninga.

Relevans

I studieplanen heiter det at BAHF-HIS gjev gode, solide allmennkunnskapar som kan nyttast i ei rekkje yrkessamanhengar, og at studiet opnar for arbeid i skuleverket, kultursektoren, arkiv, bibliotek og museum, medieverksemdar, offentleg administrasjon og integrasjon arbeid. For dei fagleg sterkaste kvalifiserer studiet naturlegvis også for opptak på masterprogram i historie, og i neste omgang til å gå vidare til doktorgrad og eit tilvære som faghistorikar.

Det er vanskeleg å peike på einskilde tiltak frå dei siste åra som er sette i verk særleg med tanke på å styrkje arbeidslivs- eller samfunnsrelevansen av programmet, men dei ålmenne fagstrategiane spring djupast sett ut frå ei fagleg behovsvurdering som òg tek omsyn til samfunnsoppdraget til UiB. Eitt døme på dette, kan vere at fagmiljøet i 2021 utlyste ei ny stilling øyremerka feltet *miljøhistorie*. Den nye miljøhistorikaren startar i januar 2022, og er m.a. ansvarleg for eit fordjupingsemne innan tematikken.

Det kan ikkje seiast at fagmiljøet har sett i verk særlege tiltak for å synleggjere relevansen av faget overfor studentane. Slik formidling skjer, om enn ikkje systematisk, som ein integrert del av undervisning og seminar i møte med studentane. Studierettleiaren i historie ved AHKR er jamleg i samtale med studentar som ynskjer studie- og karriereråd. Studentar vert ofte viste vidare til rettleiingstenesta Sammen Karriere. Det kan elles leggjast til at studentar på BAHF-HIS kan ta praksisemnet AHKR201, Praksis i arbeidslivet, som gjev studentane både relevant arbeidsrøynsle og forståing for korleis fagkompetansen kan brukast i arbeidslivet.

Arbeidsomfang

§ 2-2 Krav til studietilbudet (3): Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500–1800 timer per år for heltidsstudier.

BAHF-HIS er dimensjonert ut frå ei forventning om at studentane arbeider fulltid, i samsvar med universitetets eigne normer/måltal (om lag 26–27 timar per studiepoeng, altså 1600 timar årleg). Studiet er organisert med tydeleg progresjon – særleg i etterkant av omlegginga av studieplanen frå 2023 – og skal hjelpe studentane med å disponere arbeidsinnsatsen på ein fornuftig måte. Innleveringsfristar og eksamensavvikling vert planlagt ut frå tanken om at studentane skal unngå alt for mange fristar tett innpå kvarandre. Den nye modellen med blokkundervisning inneber at studentane kan konsentrere seg om eitt emne om gangen, og at det vert mindre tiltalende å utsetje arbeidsoppgåver til ein semesterslutt som er langt vekke: Blokkformatet inneber at all aktivitet på emnet, inkludert vurdering (og eventuelle eksamenar) går føre seg innan rammene av eit halvt semester. Blokkformatet (frå og med andre semester) inneber òg at risikoen for uheldige kollisjonar i aktivitetar, arbeidskrav o.a. forsvinn.

Som tidlegare poengtert, syner Studiebarometeret at respondentane i snitt brukar 23–24 timar dagleg til studiane (sjå vedlegg 3) noko som er knappe 60 prosent av kva UiB forventar av ein heiltidsstudent.

Kobling til forskning

§ 2-2 Krav til studietilbudet (6): *Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.*

Studietilbudet på BAHF-HIS har gjennomgåande ei sterk og tydeleg kobling til forskning. Allereie på HIS100 møter dei undervisarar som dei finn att på pensum, og på oversynsemna i andre semester er store delar av staben inne som undervisarar, tett kopla til sine spesialitetar. Koplinga vert endå tydelegare i tredje semester med fordjupingsemna, som oftast ligg tett på tema som undervisaren har forska på eller enno forskarar på – og i fjerde semester, der dei tilgjengelege rettleiarane har definert ei ytre ramme for rettleiingstema som oftast også ligg tett på eiga forskning. Bacheloroppgåva er i seg sjølv eit forskingsarbeid for studentane – og stiller krav til at dei orienterer seg i og nyttiggjer seg forskingsarbeid.

Internasjonalisering

§ 2-2 Krav til studietilbudet (7): *Studietilbudet skal ha ordningar for internasjonalisering som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart.*

§ 2-2 Krav til studietilbudet (8): *Studietilbud som fører fram til en grad, skal ha ordningar for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.*

Sjølv om den internasjonale dimensjonen er markant til stades på BAHF-HIS, ved at mykje av undervisninga (her under fleire heile einskildemne og studiespesialiseringa i Midtaustens historie) handlar om temattikkar som heilt eller delvis går føre seg utanfor landets grenser. Likevel må konstatere at studieprogrammet i liten grad er internasjonalisert. I utgangspunktet er BAHF-HIS godt tilrettelagt for utveksling. Dei reelle utvekslingstala på BAHF-HIS er likevel svært låge. Om vi tek det siste året før pandemien som døme, var det berre sju studentar som reiste på utvekslingsopphald over tre månader (fire til Nederland, og dei resterande tre til Egypt, Austerrike og Frankrike). Ingenting tyder så langt på at utfordringen er særleg mykje større etter «normaliseringa» det siste året.

Historiefaget var i 2021 involvert i ein pilot leia frå Studieavdelinga ved UiB, der målet har vore å kartlegge årsakene til den låge utvekslingsgraden, og å føreslå tiltak. Ei spørjeundersøking som vart gjennomført blant BA-studentane tyder på at interessa for utveksling er til stades i utgangspunktet, men at tilbodet ikkje vert tilstrekkeleg synleggjort. Fleirtalet av studentar har lite kunnskap om kva utveksling vil ha å seie for dei sjølve. Fagmøtet gav ved utgangen av 2021 grønt lys til ei vidareføring av arbeidet som vart starta gjennom piloten, med sikte på å finne effektive tiltak for auka studentmobilitet innanfor alle programma våre.

Vi har prøvd å gjere ein framstøyt ved å informere om utveksling på ei HIS100-føreling (dvs. overfor dei aller ferskaste studentane på BA-studiet), men dette var lite vellukka (fordi alle studentar som oppfatta at dette ikkje var relevant for dei, forlét salen). Sannsynlegvis må alle vitskapleg tilsette engasjere seg meir fortløpande, og bruke undervisninga til å framsnakke utveksling.

Våren 2023 skal representantar for fagmiljøet gjennomføre ei reise til Tyskland saman med eit utval studentambassadørar. Føremålet er at dei skal «sjekke ut» nokre universitet og formidle inntrykka vidare til medstudentane. Administrasjonen kontaktar andre norske universitet for å kartlegge korleis dei arbeider for å styrkje utvekslinga.

Praksis

§ 2-2 Krav til studietilbudet (9): For studietilbud med praksis skal det foreligge praksisavtale mellom institusjon og praksissted.

§2-3 Krav til fagmiljø (7): For studietilbud med obligatorisk praksis skal fagmiljøet tilknyttet studietilbudet ha relevant og oppdatert kunnskap fra praksisfeltet. Institusjonen må sikre at praksisveilederne har relevant kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.

Studentane på BAHF-HIS kan, som tidlegare poengtert, ta emnet AHKR201 Praksis i arbeidslivet (inngår ikkje i spesialiseringa). Gjennom praktikantopphald vert den faglege kunnskapen til studentane utvikla overfor aktuelle samfunnsaktørar og arbeidsgjevarar. Studentane deltek i arbeidsoppgåvene i den verksemda eller institusjonen dei vert utplasserte i.

Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften

Studietilsynsforskriften kapittel 2. Akkreditering av studietilbud, § 2-3. Krav til fagmiljø

Fagmiljøets størrelse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (1): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, være kompetansemessig stabilt over tid og ha en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

§ 2-3 Krav til fagmiljø (4): Minst 50 prosent av årsverkene tilknyttet studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet. I tillegg gjelder følgende krav til fagmiljøets kompetansenivå:

a) For studietilbud på bachelorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av minst 20 prosent ansatte med førstestillingskompetanse.

b) For studietilbud på mastergradsnivå skal 50 prosent av fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 10 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

c) For studietilbud på doktorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 50 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

For mastergradsstudier: § 3-2 Akkreditering av mastergradsstudier i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning

(2) Mastergradsstudiet skal ha et bredt og stabilt fagmiljø som består av tilstrekkelig antall ansatte med høy faglig kompetanse innenfor utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid innenfor studietilbudet. Fagmiljøet skal dekke fag og emner som studietilbudet består av. De ansatte i fagmiljøet skal ha relevant kompetanse.

(3) Fagmiljøet skal kunne vise til dokumenterte resultater på høyt nivå og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt. Institusjonens vurderinger skal dokumenteres slik at NOKUT kan bruke dem i arbeidet sitt.

Historiemiljøet er eitt av dei største fagmiljøa på HF, med 23 heile stillingar ved utgangen av 2022. Av desse var det 15 med professorkompetanse. Staben har stor kronologisk, geografisk og tematisk breidde, med om lag 1/3 tilknytt forskning og undervisning på eldre tid, og elles spreidd på ei rekkje faglege spesialitetar. Staben er godt eigna til å dekkje dei faga og emna som inngår i studietilbodet. Grunna frikjøp/permisjonar i den faste staben har faget eit fåtal tilsette i bistillingar og i vikariat. Også stipendiatar bidreg til undervisninga på BAHF-HIS. I sum ligg langt over halvparten av årsverka tilknytt til studietilbodet til tilsette i hovudstilling.

Fagmiljøet har gjennomgått eit generasjonsskifte dei siste ti åra. Om lag 1/3 av den faglege staben har gått av i perioden 2016–22. Dei planlagde utskiftingane er få i åra som kjem: Tre medlemmer av staben (motsvarande 2,5 stillingsressursar) går av for aldersgrensa i inneverande tiår. Fagstrategien for perioden 2023 til 2027 munnar ut i eit innspel til bemanningsplan som inneber at avgangane vert erstatta på ein måte som sikrar fagleg kontinuitet, særleg knytt til behovet for å vidareføre forskning og undervisning innanfor kjønns-historie og norsk mellomalderhistorie. Idealet om forskingsbasert undervisning ligg i botnen for strategien, så behova knytt til studieprogrammet miljøet har ansvar for er sterkt vektlagt ved utforming av bemanningsplanar. Staben på eldre tid er etter strategien sikra ei definert minimumsbemanning knytt til antikken, mellomalder og tidleg moderne tid. Historiemiljøet dreg elles faglege vekslar på samarbeidet med andre disiplinar på instituttet.

Fagmiljøets utdanningsfaglige kompetanse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (2): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse.

Alle vitenskapleg tilsette i historie møter dei ålmenne krava om å gjennomføre universitetspedagogisk basisutdanning i løpet av dei fyrste tre åra etter tilsetjing. Dette kravet vert etterlevd. Staben er involvert i undervisningsutvikling og kvalitetsutvikling i ulike samanhengar og på ulike arenaer. Undervisningsforum fungerer som ein arena for tverrfagleg diskusjon om undervisningsutvikling på instituttet. I fagmiljøet går det også føre seg ein god del uformell diskusjon om undervisningsutvikling.

Faglig ledelse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (3): Studietilbudet skal ha en tydelig faglig ledelse med et definert ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av studiet.

Historie ved AHKR har ein eigen fagkoordinator som vert utpeika for to år om gangen, og har eit hovudansvar for undervisninga innanfor faget. Vedkomande er leiar for programstyret, som møtest om lag fem gonger i semesteret. Fagkoordinator har tett kontakt med instituttstyret og instituttadministrasjonen, både når det gjeld faglege/prinsipielle og praktiske/organisatoriske spørsmål knytt til undervisninga. Vedkomande er òg medlem av UUI, Utval for undervisning og internasjonalisering, som mellom anna handsamar alle spørsmål knytt til endringar i studietilbodet ved dei fire faga på AHKR.

Fagmiljøet har eksterne fagfellar som vert oppnemnte for to år om gangen. Erik Opsahl og Magne Njåstad har sidan mars 2021 delt på oppgåva.

Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse

§ 2-3 (5): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal drive forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid og skal kunne vise til dokumenterte resultater med en kvalitet og et omfang som er tilfredsstillende for studietilbudets innhold og nivå.

Dei faglege tilsette har ein variert fagleg bakgrunn, og har alle ein rett og ei plikt både til å forske, å undervise og ivareta forskingsadministrative plikter. Staben er gjennom fleire år forma ut frå fagstrategiske vurderingar der nettopp omsynet til å alle plikter innanfor undervisningsporteføljen har stått sterkt. Samstundes har undervisningstilbodet -og særleg utvalet av fordjupingsemne – vorte forma av den kompetansen og dei interessene som er representerte i staben. Ved dei fleste utlysingar til faste stillingar har det vore ei relativt stor søkjarmengd og hard konkurranse. Forskingskvalifikasjonar vert sterkt vektlagt ved tilsetjing, og krava til dokumentert undervisningskompetanse har vorte meir nærgåande og sterkare vektlagt dei seinaste åra.

Internasjonalt og nasjonalt samarbeid

§ 2-3 (6): Fagmiljøet tilknyttet studietilbud som fører fram til en grad, skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbudet.

Dei faglege tilsette ved AHKR inngår i mange titals faglege samarbeid og nettverk, både nasjonalt og internasjonalt: Det handlar både om langvarige eller permanente samarbeid knytt til felles forskingsinteresser, og om tidsavgrensa samarbeid, mellom anna knytt til konkrete forskings-/bokprosjekt eller utgjeving av tidskrift. Nokre av samarbeida går føre seg innanfor historiefagets rammer, men svært mange av dei tilsette melder om at dei òg inngår i tverr-/fleirfaglege samarbeid, som regel med fagfolk innan for andre delar av humaniora, samfunnsvitskapen eller rettsvitskapen. Arbeidet i slike nettverk er naturlegvis med på å forme oss alle, og påverkar både forskning og undervisning. Samarbeidet slår til dømes direkte inn i tilbodet ved BAHF-HIS ved nokre emne knytt til antikkens historie som vert tilbodne ved Det norske institutt i Athen (UiB) og Det norske institutt i Roma (UiO). Som medlemmer av råd og utval av ulike slag (som Nasjonalt fagråd for historie) og gjennom sensurarbeid knytt til andre utdanningsinstitusjonar med eit bachelorprogram i historie, er staben med på å påverke dei nasjonale rammene for programmet, og hentar inn impulsar og idear utanfrå. Gjennom HIFO, Den norske historiske forening, samarbeider faglege tilsette ved AHKR og kollegaer lokalt og nasjonalt om å styrkje historieforskinga og historiefaget.

Vedlegg 1: Søkjar- og studenttal

BAHF-HIS Bachelorprogram i historie

Søker- og studenttal

Søking og opptak

Studieprogram	Årstall	Termin	Studieplasser	1.prioritet	1. pri søker per studieplass	Fått tilbud	Svart ja	Registrert	Andel registrert av tilbud	Termin
BAHF-HIS Bachelorprogram i h..	2017	HØST	115	162	1.4	218	167	143	65.6%	HØST
	2018	HØST	115	149	1.3	259	180	160	61.8%	
	2019	HØST	115	136	1.2	208	149	134	64.4%	
	2020	HØST	115	113	1.0	201	134	122	60.7%	
	2021	HØST	115	132	1.1	197	132	109	55.3%	
	2022	HØST	115	100	0.9	148	94	87	58.8%	

Årstall
Multiple values

Termin
HØST

STUDIERETNINGNAVN_B.
All

Kjønn
All

Poenggrense


Studieprogram	Årstall	Termin	Registrert		Kvote	Min. Poenggrense	
			Ordkvote	Ukjent		Ordkvote	Ukjent
BAHF-HIS Bachelorprogram i historie	2017	HØST	134	9		0.0	
	2018	HØST	150	10		0.0	
	2019	HØST	130	4		0.0	
	2020	HØST	115	7		0.0	
	2021	HØST	106	4		0.0	
	2022	HØST	83	5		0.0	

OPPTAKSTYPEKODE
All

CAMPUSKODE
All

MOTTSTATUS
All

Antall startende




Vedlegg 2: Fullføring og fråfall


BAHF-HIS Bachelorprogram i historie

Antall studenter - fullføring og fråfall

Antall studenter



Andel studenter som fullfører en grad



Kvalifikasjoner og utveksling

Årstall	Termin	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner med utveksling	Andel kvalifikasjoner med utveksling
2018	HØST	67	3	4.5%
2019	HØST	54	6	11.1%
2020	HØST	72	6	8.3%
2021	HØST	50	2	4.0%

Årstall
Multiple values

Termin
HØST

STUDIERETNINGNAVN_B.
All


Kjønn

K M

Årstall
Multiple values

Kjønn
All

Andel fråfall



CAMPUSKODE

All

Startår

Multiple values

Semesternummer

Multiple values

Startår

2017 HØST

2018 HØST

2019 HØST

2020 HØST

2021 HØST

2022 HØST

Utreisende utvekslingsstudenter med avtale

Studieprogram	Årstall fra	Årstall til	Land	Utsvekslingsopphold over 3 mnd	Utsvekslingsopphold under 3 mnd
BAHF-HIS Bachelorprogram i historie	2019	2019	EG Egypt	1	
			GR Hellas		10
			AT Østerrike	1	
			IT Italia		
			NL Nederland	4	
			FR Frankrike	1	
	2020	2020	HU Ungarn	1	
			JP Japan	1	
			FR Frankrike	2	
			ES Spania	1	
	2020	2020	EG Egypt	1	
			JP Japan	1	
			IT Italia		
			DE Tyskland	1	
			US USA	1	

Årstall fra

Multiple values

Årstall til

Multiple values

Kjønn

All


Beståtte studiepoeng

Årstall	Termin / Studieprogram					
	VÅR			HØST		
	BAHF-HIS Bachelorprogram i historie			BAHF-HIS Bachelorprogram i historie		
	Studiepoeng	Aktive	Beståtte studiepoeng per situ...	Studiepoeng	Aktive	Beståtte studiepoeng per st...
2018	5,970	285	20.95	6,260	338	18.52
2019	5,410	289	18.72	5,830	312	18.69
2020	5,886	264	22.30	5,375	275	19.55
2021	4,785	237	20.19	4,850	262	18.51
2022	3,515	224	15.69	4,260	223	19.10

Vedlegg 3: Studiebarometeret

Velg studieprogram her!

BAHF-HIS Bachelorprogram i historie



Vedlegg 4: Rapport frå eksterne fagfellar (Mange Njåstad og Erik Opsahl, NTNU), med tilhøyrande matrise som synleggjer samanheng mellom overordna mål og læringsutbytte på programnivå og motsvarande på dei obligatoriske emna.

Evaluering Bachelor historie Bergen

1. Vurdere sammenhengen mellom studieplanen på BA-HIS og de enkelte emnebeskrivelsene for programmet med tanke på om emnebeskrivelsene gir grunnlag for å oppfylle det overordna målet og læringsutbyttet til programmet ([Studieplan for BAHF-HIS Historie, bachelor, 3 år, vår 2022 | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#))

Her har vi valgt å gå fram på samme måte som ved fjorårets vurdering av masterprogrammet. Det vil si at vi har satt opp en matrise som langs den ene aksen dekker overordnete mål og læringsutbytte, og de obligatoriske emnene langs den andre. Gjennom det vil vi kunne se om det er overordnede mål og læringsutbytte som mangler dekning i emnebeskrivelsene. Det er to matriser -én for de obligatoriske emnene og én for Ex.fac-emnene. Matrisene er vedlagt.

Observasjoner:

Når det gjelder programmets overordnete mål finner vi målsettingen « Særleg retter studiet merksemda mot betydninga av kjønn, klasse, nasjonalitet og etnisitet». Dette er mål som ikke gjenspeiler seg i målbeskrivelsen til de spesifikke emnebeskrivelsene på noen av de obligatoriske emnene.

Målsettingen «Historiefaget ved UiB famnar om studiar på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå frå antikken til i dag» er dekket i målbeskrivelsen for HIS101 og HIS102, ellers ikke. Vi vil likevel mene at det vil være en fordel for klarhetens skyld å gjøre beskrivelsene i HIS101 og HIS102 så like som mulig

Målsettingen «I tillegg vil studiet gi innsikt i ulike metodiske tilnærmingar til studiet av fortida og korleis metodane påverkar sjølve tolkninga av fortida» er godt dekket i de overordnete målene for alle fire obligatoriske emner.

Når det gjelder samsvaret mellom læringsmål for programmet og læringsmålene for de enkelte HIS-emnene gjør vi følgende observasjoner:

-«Læringsutbytte» Kunnskapslæringsmålet «særskild god innsikt i nokre sentrale historiske tema, teoriar og forskningstradisjonar både i eldre historie (før 1750) og nyare historie» er ikke bare delvis formulert som læringsmål for HIS101 og HIS102 (men er klarere til stede for HIS203 og HIS250).

-Ferdighetslæringsmålet «analysere historiske data, kjelder og litteratur, samt trekkje sjøvstendige konklusjonar basert på dette materialet» er ikke klart gjenspeilt i HIS101 og HIS102 (men er til stede for HIS203 og HIS250)

-Generell kompetanse-målet «kompetanse i akademisk argumentasjonsteknikk og til å dokumentere skriftleg arbeid på ein vitenskapleg måte» er bare å gjenfinne i sin helhet for HIS250.

For EX-fac-emnene finner vi det vanskelig å vurdere relevansen av emnet «Språk og kommunikasjon» for bachelorgraden, ettersom det (paradoksalt nok) ikke har oppgitte mål på noen av områdene. For emnet «Akademisk skriving» er det stor grad av sammenfall mellom programmets mål og emnets mål. Emnet er anbefalt sammen med HIS100.

Sammenfattende kan vi peke på at samsvaret mellom de angitte overordnede målene for programmet og for de enkelte obligatoriske emnene ikke er fullstendig klart formulert. Det betyr ikke at samsvaret ikke er der; går man dypere inn i læringsmålene (kunnskap, ferdigheter, kompetanse) på de enkelt emnene er det åpenbart at programmets overordnede mål svares ut. En gjennomgang av pensum og forelesningsplaner ville kunne bekrefte dette ytterligere.

2. Vurdere i hvilken grad undervisningsformene ved programmet er utformet for å gi studentene læringsutbyttet de skal ha, og i hvilken grad vurderingsformene er egnet for å måle læringsutbyttet. Ved behov kan også konkret undervisningspraksis ved de aktuelle enkeltemner på programmet trekkes inn i vurderingen.

Her har vi gjort følgende observasjoner:

Undervisningsformer

